



Fem litauarar gjer ein innsats for Uskedalen søndag: Laimis Armonas, Nemunas Zemaitaitis, Eugenijus Skrodenis, Arvydas Narkuckas og Rimantas Kybartas i Aktivitetshuset.. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er ikkje berre dei "tradisjonelle" uskedelingane som no tar eit skikkeleg tak for å få storstova Aktivitetshuset ferdig før fristen går ut og tippemidla forsvinn 1. desember. Det gjer også i høgste grad "våre nye landsmenn" representert ved litauarane!

Organisert gjennom fotballgruppa ved leiar Ivar Gundersen var fem av dei frå Litauen som bur i Uskedalen i aktivitet med måling søndag.

- Eg spurte berre om to-tre kunne stilla opp. Dei sa ja med ein gong og mønstra med fem, opplyser Ivar som er svært imponert over litaurana sin vilje til å gjera ein jobb for bygda. Og arbeidet gjekk svært raskt unna – på to og ein halv time var dei ferdige med det som var planlagt gjort denne dagen og dei er viljuge til å ta nye tak når dugnaden no går vidare,

Dugnaden har fått ein god start etter at idrettslaget stod fram og tok ansvar. Laurdag var det skigruppa som opna med å stilla ein gjeng på fire-fem som la nesten all stria på veggjane. Og utover i kommande veke står nye arbeidsoppgåver i kø.

Av Ola Matti Mathisen